

Viser til høyringsbrev - høring av strategi for forvaltning av hjortevilt  
(hjorteviltstrategi)

Nordre Sunnmøre landbrukskontor er eit interkommunalt landbrukskontor for Ålesund, Haram, Giske og Sula kommune. Fellingstalet på hjort i fjor var totalt 1246 og 195 rådyr.

## **Grenseløs forvaltning**

### **Punkt 1.1**

Nordre Sunnmøre landbrukskontor støttar tiltaka med å øyremerkja midlar for å halda oppe og utvikla kompetanse på forvaltning av hjortevilt i kommunane. Kommunane har ei sentral rolle i forvaltning av hjortevilt og det vil vera ein stor fordel dersom kompetansen kan oppretthaldast og utviklast. Kommunane har viltfond, men dessverre går alt til arbeid med fallvilt.

### **Punkt 1.2**

Årleg samordna forventningsbrev til kommunane om viltforvaltningsoppgåvene er eit godt tiltak. I tillegg kan det vera ein fordel dersom kommunane som er naboar har eit samarbeid slik at forvaltninga er mest mogleg lik.

### **Punkt 1.3**

Forskrift om forvaltning av hjortevilt bør reviderast. Slik det er i dag er moglegheitene for kommunal styring og sanksjonering dårleg. Kommunane har for få verktøy å spela på og bør i større grad ha betre verktøy tilgjengeleg i forvaltninga.

Forslaget med å ha tydelegare krav til kommunane med omsyn til samarbeid over kommunegrenser er me positiv til. I tillegg bør kommunane få høve til å gi tydelegare krav til rettshavarar om samarbeid og etablering av bestandsplanområde slik at det blir lik forvaltning over eit større område. Ofte er det same hjort som kommunane forvaltar og derfor bør det vera like forvaltningsmål så godt det let seg gjera.

## **Arealbrukskonfliktar**

### **Punkt 2.1**

Støtter rettleiing med minimumskrav til vedtak i arealplanar der hjortevilt blir ramma. Her bør det også vera moglegheit for tilbakeverkande kraft der tiltak ikkje er sett i verk.

### **Punkt 2.4**

Slik det er i dag så går alt av kommunale viltfond til handtering av skadde vilt etter påkøyrslar. Det er jegerane som betaler ei rekning som egentleg burde vore betalt av alle som køyrer på veg. Eit forslag er at det blir ein auke av trafikkforsikringsavgifta slik at det kan øyremerkjast midlar som skal brukast på proaktive og reaktive tiltak i samanheng med viltpåkøyrslar.

## **Vilthelse**

Støtter målsetjinga når det gjeld vilthelse og punkt 3.4.

## **Fremtidens jaktutøvelse**

Støtter målsetjinga og alle fokusområde. Det er viktig me set meir fokus på kva som er igjen etter jakttid slutt.

## **Hjortevilt som næring**

Støtter målsetjinga.